Kommunedirektør og økonomisjef har gjennom sine underskrifter på fullstendighetserklæring bekreftet at vi har fått tilgang til alle opplysninger som er relevante for årsregnskapet.

Vi er ikke kjent med at det foreligger betingede forpliktelser eller hendelser etter balansedagen som får betydning for det avlagte årsregnskapet.


9 KONKLUSJON


Vår vurdering er at vi gjennom vår revisjon har oppnådd betryggende sikkerhet for at regnskapet ikke inneholder vesentlige feil. Gjennomgang av årsrapport og bokføringsrutiner har heller ikke avdekket vesentlige avvik.

Våre konklusjoner om årsregnskapet, årsberetningen, budsjettoppfølgingen og registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger er positive.

Kontrollutvalget har i henhold til Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 4 ansvaret for å påse at de merknader revisor har gjort, blir fulgt opp. Dette gjelder likevel ikke merknader vedrørende løpende forbedring og effektivisering av normal drift. For 2022 er det etter vår vurdering ikke avdekket forhold som kontrollutvalget plikter til å følge opp i forhold til regnskapsavleggelsen.

Med vennlig hilsen
Rogaland Revisjon IKS


Therese S. Bjørkeland
Statsautorisert revisor


Jeanette Sømnes
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	15.05.23	10/23
Formannskapet	30.05.23	
Kommunestyret	12.06.23	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

RYVARDEN KULTURFYR KF - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2022, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale om Ryvarden KF
2. Revisjonsmelding frå Rogaland Revisjon IKS 30.03.23
3. Rekneskap 2022
4. Årsmelding 2022

Saksorientering:

I forskrift om kontrollutval og revisjon § 3 står det følgjande:

«Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak».

Når kontrollutvalet har fått framlagt revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet avgi uttale om årsrekneskapen før han blir vedtatt av kommunestyret. Uttalen skal gjevast til kommunestyret med kopi til formannskapet. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan takast omsyn til han før dette organet gir si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen, styret si årsmelding og revisjonsmeldinga.

Rekneskap er lagt fram av Sveio kommune v/kommunedirektøren. Årsrapporten er sendt styret i Ryvarden Kulturfyr KF til godkjenning. Rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat på kr 2 055. Næmare om drifta og økonomi går fram i årsrapport.

Frå rapporten vert følgjande tatt inn frå styret og dagleg leiar si konklusjon:

Drifta er sårbar, da Ryvarden i stor grad har ei sesongbasert drift. Ryvarden har låg fast bemanning sett i høve til arbeidsoppgåver og forventningar, og med svake økonomiske musklar er ei utfordring å auke konkurransekrafta i høve andre tilbydarar i marknaden. Dette året hadde vi i tillegg to langtids sjukemeldte blant nøkkelpersonell. Dette resulterte i utfordringar knytt å oppnå positivt driftsresultat.

Ryvarden Kulturfyr KF har i 2022 hatt 10 personar som er fast tilsett. 1 person i 80 %, 1 person i 20%, 1 person i 10% og 7 personar i 4 % stilling.

Potensialet på Ryvarden er stort, og syner moglegheiter for framtida. For å ta ut fullt potensiale framover, må ein reindyrka, vidareutvikla og sikra konkurransefortrinna som ligg i dagens driftsmodell. Vidare utvikling av bygningsmassen må også vurderast for å ta ut fullt potensial.

Ryvarden er eit mykje brukt utfartsmål for turgåarar. Ryvarden har eit svært stort besøk av barnefamiliar på opne kafédagar. Ei målgruppe som er verdt å satse vidare på, og utvikle med ulike aktivitetar.

Innhaldet i revisor si melding

Revisor har avlagt såkalla «rein» revisjonsberetning, det vil seie utan merknader. Det er ikkje levert årsoppgjersnotat for Ryvarden sitt rekneskap.

Revisor konkluderar med at:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Kontrollutvalet sin uttale

Sekretariatet held seg til dei dokumenta som kommunen/styret har oversendt, og til revisjonsberetning.

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmelding (vedlegg 1).

Aksdal, 08.05.23

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kommunestyret i Sveio

Uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 - Ryvarden Kulturfyr KF

Innleiing

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i møte 15.05.23, sak 10/23 handsama årsrekneskapen og årsrapport for 2022 for Ryvarden Kulturfyr KF, samt tilhøyrande revisjonsberetning dagsett 30.03.23.

Rekneskapen består av økonomisk oversyn drift og investering, balanse pr. 31.12.22 og noteopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmelding og styret sin årsrapport 2022. I tillegg har revisor og økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon under handsaminga av rekneskapen i utvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Ryvarden Kulturfyr FK har i eit positivt netto driftsresultat med kr 2 055. Det er eit dårlegare resultat enn i fjor, då driftsresultatet var på kr 115.244.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2022, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen og årsrapporten for 2022 totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av føretaket si verksemd for 2022 og for føretaket si økonomiske stoda pr. 31.12.22.

Utvalet er ikkje kjent med andre forhold, som er kome fram i dialog med revisor, som kunne hatt noko å seie for utvalet sin uttale, jf. kommuneloven § 11-2. Ut over ovannemnde og det som går fram av saksframlegget til kontroll- og kvalitetsutvalet, samt revisors orientering om revisjonsmeldinga, har ikkje utvalet andre merknader til årsrekneskapen til Ryvarden Kulturfyr for 2022.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsrapport for 2022.

Sveio, 15.05.23

Arne Valen
Leiar av kontroll- og kvalitetsutvalet

Kopi: Formannskapet

Til kommunestyret i Sveio kommune

Kopi:
 Kontrollutvalget
 Formannskapet
 Kommunedirektøren
 Styret

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Ryvarden Kulturfyr KFs årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 2 056 og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 0. Årsregnskapet består av balanse per 31.12.22, økonomisk oversikt drift og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Ryvarden Kulturfyr KF per 31. desember 22, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen.

Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å

rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Styret og daglig lederes ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggssopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ryvarden Kulturfyr KFs redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Det henvises til <https://www.nkrf.no/revisjonsberetninger> som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vedrørende budsjettavvik.

Stavanger, 30.03.2023

Rogaland Revisjon IKS

Elektronisk signert

Therese S. Bjørkeland

Statsautorisert revisor

INNLEIING

Med dette vert rekneskapen for Ryvarden Kulturfyr KF 2022 lagt fram.

Grunna ny kommuneloven er rekneskapen gjort opp i balanse.

Total bruk av midlar er på kr. 2.746.475,- medan tilgang på midlar er på kr. 2.748.530,- Netto driftsresultat er kr. 2.055,-

Rekneskapen viser at kr. 1.700.477,- er gått med til løn og sosiale utgifter, og kr. 1 045 998,- til andre driftsutgifter.

Det er i 2022 ikke gjort investeringar i Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap.

Investeringar vert gjort i Sveio kommune sin rekneskap då bygningane er eigd av kommunen.

For ytterlegare informasjon syner ein til årsmeldinga for Ryvarden Kulturfyr KF.

Detaljert kapital-, drift- og balanserekneskap er trykt i egne vedlegg.

Svejo 15.02.2023

Rune Teikari (s.)
Styreleiar

Gunn Bente Håvardsholm
Dagleg leiar



4 RYVARDEN KULTURFYR KF (2022) - År/Periode 2022 1 - 12

06.02.2023

	Regnskap 2022	Buds(end) 2022
Ansvar: 15000 RYVARDEN		
10100 FAST LØN	588.891,14	588.000,00
10300 EKSTRAHJELP	559.029,76	550.000,00
10310 LØRDAG/SØNDAG TILLEGG	58.481,92	60.000,00
10311 KVELD/NATT-TILLEGG VARIABEL	7.635,06	7.000,00
10312 HELLIGDAGSTILLEGG	47.655,69	35.000,00
10400 OVERTID	2.177,97	2.000,00
10511 SK.PLIKTIG KM-GODTGJERSLE	698,75	1.000,00
10800 GODTGJERSLE FOLKEVALDE-STYRET	32.150,00	41.000,00
10904 ULYKKE- OG GRUPPELIVSFORIKRING	0,00	1.800,00
10906 PENSJON KLP (ARB.GJ.DEL)	192.264,11	175.000,00
10990 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	206.629,22	190.000,00
11000 KONTORMATERIELL/KONTORREKVISITA	190,32	1.000,00
11150 MATVARER KAFE-ARRANGEMENT	223.423,49	180.000,00
11200 ANNA FORBRUKSMATERIELL - DIVERSE	1.403,12	2.500,00
11201 ANNA FORBRUKSMATERIELL - KUNST	3.015,82	1.500,00
11204 REINGJERINGSMIDLER/PAPIR/PLAST	15.475,06	12.000,00
11205 UTGIFTSDEKNING, HOTELL,OPPHALD MØTE (IKKJE K	221,52	1.500,00
11206 ANNA FORBRUKSMATERIELL - KAFE	6.975,59	6.000,00
11209 VELFERDSTILTAK	0,00	1.000,00
11300 BANKTENESTER	13.422,12	15.000,00
11301 PORTO	284,80	1.000,00
11303 MOBILTELEFON	4.296,00	4.400,00
11304 DATAKOMMUNIKASJON	2.698,15	2.500,00
11400 ANNONSER / REKLAME	3.200,00	13.000,00
11402 GÅVE VED REPRESENTASJON	1.555,00	600,00
11404 MARKNADSFØRING	0,00	8.000,00
11500 KURSAVGIFTER.HOTELL VED KURS.OPPLÆRING - IK	0,00	2.000,00
11601 KØYREGODTGJERSLE	4.864,40	6.500,00
11700 TRANSPORTUTGIFTER - KUNSTUTSTILLINGAR	0,00	1.000,00
11701 UTGIFTER TIL FLY, TOG, BUSS, PARKERING, TAXI, FE	0,00	500,00
11704 VEDLIKEHALD / SERVICE	2.180,00	1.000,00
11800 ENERGI (STRØM, OLJE, PARAFIN.VED ...)	66.478,43	85.000,00
11854 FORSIKRING BYGG/ANLEGG/EIENDOM/MASKIN/UTS.1	0,00	1.300,00
11950 AVGIFTER, GEBYR, LISENSER	5.678,00	10.000,00
11951 KONTINGENTAR	7.142,00	10.000,00
11952 KOMMUNALE AVGIFTER	12.794,60	13.000,00
11953 DRIFTSAVTALER, LISENS EDB	14.328,00	21.000,00
12000 INVENTAR OG UTSTYR	12.984,36	15.000,00
12002 TEKNISK INVENTAR, MOBILTELEFONAR OG UTSTYR	16.604,00	46.000,00
12004 KUNST FOR VIDARESALG	64.356,00	25.000,00
12200 LEIGE AV MASKINAR/UTSTYR	4.956,00	7.500,00
12500 MATERIALER	427,20	500,00
12502 MATERIALER LØPANDE VEDLIKEHALD	0,00	2.000,00
12700 KONSULENTTENESTER	31.838,87	1.600,00
13800 KJØP AV TENESTER FRÅ KOMMUNEN	141.947,00	120.000,00
14700 OVERFØRING OPPGJER KUNSTUTSTILLINGAR	121.344,50	90.000,00
14701 OVERFØRING OPPGJER KOMMISJONSSAL	167.172,40	170.000,00
14702 OVERFØRING-UNDERHALDNING/KULTURELLE INNSL	99.500,00	90.000,00
14704 TAP PA KOMMUNALE KRAV	105,00	0,00
15002 FORSINKELSESRENTER	391,34	0,00
15400 AVSETJING TIL DISPOSISJONSFOND	2.055,71	0,00
Sum utgifter	2.748.922,42	2.619.700,00
16200 AVGIFTSFRITT SAL- KUNST, UTSTILLINGAR	-202.285,00	-150.000,00
16201 AVGIFTSFRITT SAL- KUNST, KOMMISJONSSAL	-292.358,00	-285.000,00



4 RYVARDEN KULTURFYR KF (2022) - År/Periode 2022 1 - 12

06.02.2023

	Regnskap 2022	Buds(end) 2022
16202 AVGIFTSFRITT SAL - KUNSTKORT. ETC.	-19.241,00	-15.000,00
16209 GEBYRINNTEKTER	-175,00	-200,00
16290 OMVISNING	-82.910,00	-95.000,00
16291 BILLETTINNTEKTER	-150.441,00	-132.000,00
16300 LEIGEINNTEKTER GALLERI	-129.553,59	-90.000,00
16301 LEIGEINNTEKTER OVERNATTING	-298.517,84	-417.000,00
16500 AVGIFTSPLIKTIG SAL	-29.032,00	0,00
16503 KAFESAL	-475.681,70	-530.000,00
16504 SERVERING ARRANGEMENT	-377.212,00	-280.000,00
17100 REFUSJON SJUKELØN FRÅ FOLKETRYGDA	-32.623,00	0,00
17500 REFUSJON FRÅ KOMMUNAR	-45.955,00	-50.000,00
17700 REFUSJON FRÅ ANDRE	-27.300,00	0,00
17800 SAL TIL EIGEN KOMMUNE	-6.904,29	0,00
18100 ANDRE STATLEGE OVERFØRINGAR	0,00	-45.000,00
18800 OVERFØRING FRA EIGEN KOMMUNE	-565.000,00	-520.000,00
18900 OVERFØRINGAR FRA ANDRE	0,00	-7.500,00
19000 RENTEINNTEKTER	-13.733,00	-3.000,00
Sum inntekter	-2.748.922,42	-2.619.700,00
Sum ansvar: 15000 RYVARDEN	0,00	0,00
Ansvar: Uten		
21000011 KASSE	96,00	0,00
21020111 HAUGESUND SPAREBANK DRIFT 3240.08.87682	56.735,42	0,00
21098211 HAUGESUND SPAREBANK SKATT 3240.08.87690	-5.343,00	0,00
21375300 KUNDER RYVARDEN	-67.387,05	0,00
Sum utgifter	-15.898,63	0,00
23214051 SKULDIG MVA SKATTEETATEN	-16.082,00	0,00
23314100 FORSKOTSTREKK	6.419,00	0,00
23314902 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	1.952,26	0,00
23314921 ARBEIDSGIVERAVGIFT AV FERIEPENGAR 2021	17.804,31	0,00
23314922 Arb.giv avg. av feriepengar 2022	-20.645,87	0,00
23375221 FERIEPENGAR TIL UTBETALING I ÅR	126.272,27	0,00
23375222 FERIEPENGAR AVSATT I ÅR	-146.425,75	0,00
23375301 FORSKOTSBETALTE REKNINGAR	62.000,00	0,00
23570011 LEVERANDØRGJELD	-13.339,88	0,00
25600010 DISPOSISJONSFOND	-2.055,71	0,00
Sum inntekter	15.898,63	0,00
Sum ansvar: Uten	0,00	0,00
TOTALT	0,00	0,00



Økonomiske oversikter

4 RYVARDEN KULTURFYR KF - 2022

16.02.2023

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
2 Inntekts- og formuesskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Eiendomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	0,00	45.000,00	45.000,00	61.751,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	670.878,00	577.500,00	577.500,00	665.767,76
7 Brukerbetalinger	0,00	0,00	0,00	0,00
8 Salgs- og leieinntekter	2.064.311,42	1.994.200,00	1.994.200,00	1.795.524,68
9 Sum driftsinntekter	2.735.189,42	2.616.700,00	2.616.700,00	2.523.043,44
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	1.301.584,69	1.290.500,00	1.290.500,00	1.072.895,33
11 Sosiale utgifter	398.893,33	366.800,00	366.800,00	358.575,99
12 Kjøp av varer og tjenester	657.875,45	612.400,00	612.400,00	631.780,83
13 Overføringer og tilskudd til andre	388.121,90	350.000,00	350.000,00	347.097,30
14 Avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
15 Sum driftsutgifter	2.746.475,37	2.619.700,00	2.619.700,00	2.410.349,45
16 Brutto driftsresultat	-11.285,95	-3.000,00	-3.000,00	112.693,99
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	13.733,00	3.000,00	3.000,00	2.592,00
18 Utbytter	0,00	0,00	0,00	0,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	391,34	0,00	0,00	41,42
21 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Netto finansutgifter	13.341,66	3.000,00	3.000,00	2.550,58
23 Motpost avskrivninger	0,00	0,00	0,00	0,00
24 Netto driftsresultat	2.055,71	0,00	0,00	115.244,57
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	0,00	0,00	0,00	0,00
26 Avsetninger til bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
27 Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	-29.700,00
28 Avsetninger til disposisjonsfond	2.055,71	0,00	0,00	102.146,81
29 Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	42.797,76
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat:	2.055,71	0,00	0,00	115.244,57
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00



Økonomiske oversikter

4 RYVARDEN KULTURFYR KF - 2022

06.02.2023

Oversikt - balanse	Regnskap 2022	Regnskap 2021
EIENDELER		
A. Anleggsmidler	0,00	0,00
I. Varige driftsmidler	0,00	0,00
1. Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
II. Finansielle anleggsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	0,00	0,00
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	0,00	0,00
B. Omløpsmidler	478.330,83	494.229,46
I. Bankinnskudd og kontanter	425.082,83	373.594,41
21000011 KASSE	1.500,00	1.404,00
21020111 HAUGESUND SPAREBANK DRIFT 3240.08.87682	373.267,83	316.532,41
21098211 HAUGESUND SPAREBANK SKATT 3240.08.87690	50.315,00	55.658,00
II. Finansielle omløpsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	53.248,00	120.635,05
1. Kundefordringer	48.498,00	120.635,05
21375300 KUNDER RYVARDEN	48.498,00	115.885,05
21375500 VEKSLEPENGES TIL KONTANTKASSE RYVARDEN	0,00	4.750,00
2. Andre kortsiktige fordringer	4.750,00	0,00
21375500 VEKSLEPENGES TIL KONTANTKASSE RYVARDEN	4.750,00	0,00
3. Premieavvik	0,00	0,00
Sum eiendeler	478.330,83	494.229,46
EGENKAPITAL OG GJELD		
C. Egenkapital	167.819,73	165.764,02
I. Egenkapital drift	167.819,73	165.764,02
1. Disposisjonsfond	121.119,73	119.064,02
25600000 UTVIKLINGSARBEID RYVARDEN	-16.917,21	-16.917,21
25600010 DISPOSISJONSFOND	-104.202,52	-102.146,81
2. Bundne driftsfond	46.700,00	46.700,00
25120006 TILSKOT TIL SKILTING OG MERKING	-46.700,00	-46.700,00
3. Merforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	0,00	0,00
1. Ubundet investeringsfond	0,00	0,00
2. Bundne investeringsfond	0,00	0,00
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	0,00	0,00
1. Kapitalkonto	0,00	0,00
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	0,00	0,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
D. Langsiktig gjeld	0,00	0,00
I. Lån	0,00	0,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	0,00	0,00
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	0,00	0,00



Økonomiske oversikter

4 RYVARDEN KULTURFYR KF - 2022

06.02.2023

Oversikt - balanse	Regnskap 2022	Regnskap 2021
E. Kortsiktig gjeld	310.511,10	328.465,44
I. Kortsiktig gjeld	310.511,10	328.465,44
1. Leverandørgjeld	44.770,58	31.430,70
23570011 LEVERANDØRGJELD	-44.770,58	-31.430,70
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	265.740,52	297.034,74
23214051 SKULDIG MVA SKATTEETATEN	-16.082,00	0,00
23299001 GAVEKORT	-3.500,00	-3.500,00
23314100 FORSKOTSTREKK	-44.405,00	-50.824,00
23314902 ARBEIDSGJEVERAVGIFT	-34.681,90	-36.634,16
23314921 ARBEIDSGJEVERAVGIFT AV FERIEPENGAR 2021	0,00	-17.804,31
23314922 Arb.giv.avg. av feriepengar 2022	-20.645,87	0,00
23375221 FERIEPENGAR TIL UTBETALING I AR	0,00	-126.272,27
23375222 FERIEPENGAR AVSATT I AR	-146.425,75	0,00
23375301 FORSKOTSBETALTE REKNINGAR	0,00	-62.000,00
5. Premieavvik	0,00	0,00
Sum egenkapital og gjeld	478.330,83	494.229,46
 F. Memoriakonti	 0,00	 0,00
I. Ubrukte lanemidler	0,00	0,00
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Molkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Noter – rekneskap 2022

Ryvarden Kulturfyr KF

Note 1 – Årsverk og lønn

Ryvarden har i 2022 hatt 2 deltidstilsette i 80% og 20% stilling.

1 tilsette i 10% stilling og 7 små 4% stillingar.

Lønnskostnader kr. 1.263.871,-. Av dette utgjør lønn til dagleg leiar kr. 495.800,-

Godtgjersle til styret kr. 32.150,-

Arbeidsgiveravgift, totalt 206.629 - Pensjon 192.264.

Note 2 –avsetjing og bruk av fond

	Saldo 1/1	Bruk 2022	Avsetning 2022	Saldo 31/12
DISPOSISJONSFOND	119 064		2056	121 120
BUNDNE DRIFTSFOND	46 700	0	0	46 700
UBUNDNE INVESTERINGSFOND	0		0	0
BUNDNE INVESTERINGSFOND	0	0	0	0
Sum	165 764	0	2056	167 820

Grunna reglar i kommuneloven er rekneskapen gjort opp i balanse.

Ryvarden hadde i 2022 eit mindreforbruk på kr. 2.055,71 – avsett til disposisjonsfond.

Note 3 – Inntekter

Driftstilskot frå Sveio kommune kr. 400.000 – vedteke av Sveio kommunestyre.

Utover dette har Ryvarden inntekter frå sal, fordelt følgjande: Kunst 542.916 – Overnatting

298.517 – Galleri + kafé 982.446 – Anna 346.133

Note 4 – Varebeholdning pr. 31.12.2022

Ryvarden Kulturfyr KF har følgjande beholdning av varer som tidlegare er utgiftsført, og som er salgsvare. Desse verdiane er ikkje vist i balansen.

Glasskunst/keramikk kr. 94 873,-

Ryvardensmykker kr. 3 800,-

Bøker kr. 11 914,-

Anna billedkunst kr. 3900,-

Totalt kr. 114 487,-



ÅRSRAPPORT DRIFTSÅRET 2022

Styret som er valt av kommunestyret i Sveio har hatt følgjande samansetjing:

Rune Teikari, styreleiar
Asle G. Halleraker, nestleiar
Ingrid P. Furdal
Vibeke Enerstvedt
Norunn Jensen

Målsetjing for verksemda

Ryvarden Kulturfyr skal vera eit kulturelt fyrtårn for Vestlandet. Ryvarden skal tilby kunst- og kultur opplevingar innfor ei breitt spekter til ulike aldersgrupper og med ulike interesser.

Arbeidsmål 2022

Kortfatta oppsett av arbeidsmåla for verksemda:

Betre inntening i verksemda er avgjerande for vidare drift.

Tiltak for effektivisering av drift og marknadsføring er avgjerande for inntening.

- Oppretthalde dagar ope kafé som i 2021, med sommarope i juli
- Sterke prioriteringar på aktivitetar som kan gjennomførast for best mogleg utnytting av dei lokalitetane som kan nyttas
- Spissa marknadsføring retta mot aktuelle marknader
- Halde fram og gjerne vidareutvikle konseptet med Fullmånekveldar.
- Tiltak retta mot bredda i segmentet, turgåarar og barnefamiljar
- Vidareutvikling av galleributikk
- Synleggjere og bruke meir av vår fyrhistorie og unike plassering i møte mellom land og hav

Tal frå driftsrekneskapan 2022

Ansvar	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Rekneskap 2022	Avvik 2022
Lønsutgifter	1 426 240	1 650 800	1 695 613	44 813
Andre driftsutgifter	984 152	968 900	1 051 253	82 353
Driftsinntekter	2 555 335	2619700	2 748 922	129 222
Netto driftsresultat	102 146	0	2 055	2 055

	2018	2019	2020	2021	2022
Kunstnarar med utstilling	19	16	6	5	7
Tal utstillingar	7	7	5	5	5
Brutto omsetnad kunst	431 541	418995	511270	696343	513884

Arbeid gjennom året

Ryvarden Kulturfyr har eit kontinuerleg fokus på tiltak innan effektivisering og inntening.

Ryvarden KF fekk i 2022 kr. 400.000,- i driftstilskot frå Sveio kommune.



Eggjakt på Ryvarden

Ryvarden Kulturfyr KF opna galleri og kafé 13. februar Med noko covidtilpasningar i oppstarten i både kafé og på lukka arrangement. Det vart gjennomført 7 Fullmånekvelder og eggejakt barna på palmesundag i april. I tillegg har Ryvarden dette året har hatt besøk av omlag 1700 cruisegjester på lukka arrangement i løpet av vår/sommar og fram til september. Over to dagar i oktober vart Ryvarden Kulturfyr brukt som arena for Sveio kommune sin «Middag for eldre».



Signe Førre - Fullmånekveld

Vurdering i forhold til arbeidsmål

- Oppretthaldt tilnærma normalt driftsnivå heile året
Sommaren 2022 vart opne dagar i galleri og kafé oppretthaldt som i 2021.
Ope alle dagar, med unnatak av måndagar.
- Tiltak og aktivitet retta mot bredda i segmentet, turgåarane og fokus på marknadsføring
- Cruisetrafikken med gjester til Ryvarden aukande
- Vi klarte ikkje målsetjinga på overnatting
- Vidareføring og utvikling av galleributikk vart gjennomført

Konklusjon

Drifta er sårbar, da Ryvarden i stor grad har ei sesongbasert drift. Ryvarden har låg fast bemanning sett i høve til arbeidsoppgåver og forventningar, og med svake økonomiske musklar er det ei utfordring å auke konkurransekrafta i høve andre tilbydarar i marknaden. Dette året hadde vi i tillegg to langtids sjukemeldte blant nøkkelpersonell. Dette resulterte i utfordringar knytt til å oppnå positivt driftsresultat.

Ryvarden Kulturfyr KF har i 2022 hatt 10 personar som er fast tilsett. 1 person i 80% , 1 person i 20 %, 1 person i 10% og 7 personar i 4% stilling.

Potensialet på Ryvarden er stort, og syner moglegheiter for framtida. For å ta ut fullt potensiale framover, må ein reindyrka, vidareutvikla og sikra konkurransefortrinna som ligg i dagens driftsmodell. Vidare utvikling av bygningsmassen må vurderast for å ta ut fullt potensial.

Ryvarden er eit mykje brukt utfartsmål for turgåarar. Ryvarden har eit svært stort besøk av barnefamiliar på opne kafédagar. Det er ei målgruppe som er verdt å satse vidare på, og utvikle med ulike aktivitetar.

Ryvarden Kulturfyr KF, 15. februar 2023
Rune Teikari (s.)

Gunn Bente Håvardsholm (s.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	15.05.23	11/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2022 – REVISOR SI ATTESTASJON OM ØKONOMIFORVALTNINGA

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.23.

Vedlegg: Revisor si attestasjonsuttale for Sveio kommune 2022, dagsett 04.04.23

Bakgrunn

I følgje kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet bl.a. påse «....at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....».

Vidare står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltninga følgande:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen. Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Revisor er difor pålagt å gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet. Dette blir omtala som ei ny oppgåve for revisor, kalla i § 24-9 «forenklet etterlevelsesk kontroll».

Intensjonen er at revisor innanfor ei avgrensa ressursramme kan bidra til å førebygge svakheiter og sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak på økonomiområdet. Dette vil byggje opp under god økonomiforvaltning, openheit og tillit til forvaltningspraksis og kan også gje kontrollutvalet eit betre grunnlag til å tinge forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar.

Det er sagt at revisor skal ha ei brei tilnærming, men likevel at kontrollen skal gjerast innanfor ei avgrensa ressursramme. Dette krevjar ei god risiko- og vesentlegvurdering hos revisor.

Uttale for 2022

Rogaland Revisjon IKS har gjeve si uttale, dagsett 04.04.23, for Sveio kommune om perioden 01.01. - 31.12.22. Attestasjonsuttalen følgjer vedlagt.

Revisor har undersøkt følgjande:

Kontroll av etterlevelse av Lov om offentlig anskaffelse, hvor vi kontrollerer om:

- 1) Kommunen har gjennomført konkurranse og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden kr.100.000 – 1.300.000*
- 2) Kommunen har lyst ut konkurranse i Doffin og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden over kr 1.300.000*

Revisor konkluderer med:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på at Sveio kommune ikke etterlever lov om offentlig anskaffelser mellom terskelverdi på kr 100.000-1.300.00. Sveio kommune etterlever i så måte ikke anskaffelsesloven og det blir dermed en negativ konklusjon i årets FEK

Sekretariatet sine kommentarar

På bakgrunn av det som er kjem fram, vil sekretariatet tilrå at utvalet tar kontrollen til Rogaland Revisjon IKS til orientering og at utvalet ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding om revisor sine merknader og kva som vil bli gjort for å rette dette opp.

Sekretariatet vil tilrå at det vert sett ein frist for skriftleg tilbakemelding innan 1. september 2023. Tilbakemeldinga vil bli handsama av utvalet i septembermøtet.

Aksdal, 08.05.23

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Sveio kommune

Kopi:
Rådmann

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Sveio kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på følgende områder:

Kontroll av etterlevelse av Lov om offentlig anskaffelse, hvor vi kontrollerer om:

1. Kommunen har gjennomført konkurranse og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden kr.100.000 – 1.300.000
2. Kommunen har lyst ut konkurranse i Doffin og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden over kr 1.300.000

Vi har kontrollert perioden fra 1. januar 2022 til 31. desember 2022.

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Rogaland Revisjon IKS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning på det området vi har foretatt forenklet etterlevelseskontroll.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for Negativ konklusjon:

Ved kontroll av etterlevelse lov om offentlig anskaffelse, er det kontrollert totalt 12 utplukk. Det ble avdekket avvik i 3 av utplukket. Prosentmessig avvik er på 25 %.

Kriteriet 1: Det ble kontrollert 8 stk, av disse var det avvik i 3 utplukk.

Kriteriet 2: Det ble kontrollert 4 stk, det ble ikke avdekket avvik ved gjennomgang.

Negativ Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på at Sveio kommune ikke etterlever lov om offentlig anskaffelser mellom terskelverdi på kr 100.000-1.300.00. Sveio kommune etterlever i så måte ikke anskaffelsesloven og det blir dermed en negativ konklusjon i årets FEK.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt påse ansvar med økonomiforvaltningen og til Sveio kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Stavanger, 04.04.2023
Rogaland Revisjon IKS

Elektronisk signert
Therese S. Bjørkeland
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	15.05.23	12/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	33	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 7 – 17 til orientering.

Vedlegg:

7. Statusrapport pr. mai 2023
8. Oppdatert prosjektmandat – «Pleie og omsorg»
9. NKRF-konferansen 1. – 2. februar – oppsummering v/Valen og Wathne
10. KST-vedtak 20.02.23, sak 12/23 – årsmelding 2022 for KKV
11. KST-vedtak 20.02.23, sak 13/23 – revisjonsrapport «Planarbeid»
12. Referat frå repr.skapsmøte 28.04.23 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
13. Repr.skapsmøte 15.05.23 – Haugaland brann og redning IKS
14. Protokoll frå repr.skapsmøte 24.04.23 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. Repr.skapsmøte 21.04.23 – Haugaland Vekst IKS
16. Generalforsamling 28.04.23 – Haugaland Kraft AS
17. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikke for pyser» - Kommunal Rapport 20.03.23

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 08.05.23

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kontroll- og kvalitetsutval

Statusoversikt mai 2023

Saker frå bestilling til behandling i kontroll- og kvalitetsutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Pleie og omsorg	30.01.23	250	Prosjektet er tinga	Hausten 2023	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand- saming i KKU	Hand- saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Planarbeid	31.01.22	30.01.23	20.02.23	19.09.23	

Avslutta prosjekt

Tema	Bestilt	Behandla i KKU	Behandla i KST	Fylgt opp KKU/KST	Merknader
Tilpassa opplæring og spes.undervisn.	15.02.21	27.09.21	01.11.21	20.06.22/ 26.09.22	Deloitte AS
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20, sak 9/20	03.05.21, sak 9/21	14.06.21, sak 42/21	13.12.21, sak 108/21	Fellesprosjekt KPMG AS
Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 med analyse	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 22/20	07.12.20, sak 114/20	Ny plan i 2024	Deloitte As
Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024	25.11.19, sak 28/19	14.09.20, sak 23/20	07.12.20, sak 113/20	Ny plan i 2024	Deloitte As

ORIENTERINGAR

Tema	Bestilt	Møtedato	Merknad	Deltakar
Karmsund Havn IKS	27.09.21	15.05.23		Havnedir. Gautesen
Om eksterne prosjekt	27.09.21, sak 20/21	21.11.22, sak 28/22		Konst. kom. dir. Toft
Haugaland Kraft AS	27.09.21, sak 20/21	19.09.22, sak 22/22		P. Barrea T.Øyjordsbakken
Aktio AS	27.09.21, sak 20/21	20.06.22, sak 16/22		Arvid Grimstvedt
Om IT-avd. og personvern	27.09.21, sak 20/21	09.05.22, sak 9/22		Eilerås og Storli
Haugaland Brann og Redning IKS	27.09.21, sak 20/21	31.01.22, sak 2/22		Brannsjef Dag Botnen
Orientering – rektor Sveio b/u skule	14.02.20, sak 2/20	22.11.21, sak 23/21		Lene Lier
Orientering - personalleiar	14.02.20, sak 2/20	03.05.21, sak 8/21		Monica Hovda Madsen
HTV og HVO	14.02.20, sak 2/20	15.02.21, sak 2/21		Bua og Askeland Dahle

PROSJEKTMANDAT

Pleie og omsorg

Sveio kommune, 2023


BAKGRUNN

Kontrollutvalet i Sveio bestilte i møtet 21.11.2022 om eit utkast til prosjektmandat for gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon om «Pleie og omsorg».

Dei siste åra har rammeområdet pleie og omsorg hatt eit betydeleg meirforbruk. Rådmannen finn det ikkje mogleg å tilføre rammeområdet midlar i den storleiken som svarar til meirforbruket: «*Ramma må aukast, samtidig som det må arbeidast med å ta ned kostnadene, i all hovudsak ved å redusera tenesteproduksjonen*».¹ Det blir blant anna vist til at den økonomiske ramma for Sveio omsorgssenter truleg er stor nok til å ta hand om 33 bebuarar, mens senteret den seinaste tida har hatt om lag 40 bebuarar. Etter rådmannen si vurdering må ein anten auke terskelen for å få plass på senteret, eller auke den økonomiske ramma til rammeområdet, eller ein kombinasjon av desse.

Figuren under visar at Sveio har ein høg dekningsgrad på institusjonsplassar samanlikna med andre kommunar:

Figur 1: Dekningsgrad – plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og eldre




Kjelde: Framsikt

¹ Budsjett og økonomiplan 2023-2026

Dei siste åra har talet på innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene vore relativt stabil (sjå figur under). Dei yngre eldre har blitt betydeleg fleire, mens det til nå ikkje har vore ei tilsvarende auke i dei øvste aldersgruppene.


Figur 2: Utvikling i eldrebefolkninga i Sveio 2013-2022



Kjelde: SSB

Befolkningsprognosen for Sveio fram til 2035 viser derimot eit anna bilde:

Figur 3: Befolkningsprognose for Sveio frå 2023 til 2035



Kjelde: SSB

Prognosen viser ein markant auke i innbyggjarar mellom 80 og 89 år, 125 prosent på 12 år. I budsjett og økonomiplan 2023-2026 peikar kommunen på at det må reknast med at det blir stadig fleire personar i kommunen med trong for bistand frå kommunen.

Det er derfor viktig for kommunen og lykkas med å førebygge uhelse og framtidige behov for pleie- og omsorgstenester. I budsjett og økonomiplan 2023-2026 blir kvardagsmeistring og god rehabilitering framheva som viktig for å møte den venta auke av eldre personar i kommunen. Kommunen har allereie satt i verk tiltak i tråd med reforma «Leve heile livet»², men det blir framheva som ein utfordring for kommunen å framover gi målretta tenester til brukarar slik at ein kan bu lengst mogleg heime. Dette prosjektet vil derfor ta utgangspunkt i kommunens mål om at «*brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte*».³

Grunntanken i reforma er å utvikle den kommunale helse- og omsorgstenesta på ein slik måte at den i større grad støtter eldre menneske i å leve eit aktivt liv med høg grad av eigenomsorg. Tiltak i tråd med reforma går ut på å gjere det lettare for brukarar å leve med sjukdom og/eller funksjonssvikt, slik at dei kan bu heime lengre.

Arbeidet med å vri aktuelle tenester over i ein meir helsefremmande og førebyggjande retning kan vere utfordrande, all den tid verkeliggjering av reformas mål krev kompetanseheving, kulturendring og implementering av nye arbeidsmåtar i etablerte tenester. Samhandling på tvers er viktig for å kunne realisere positive gevinstar for brukarane.

I kontrollutvalsmøte den 30.01.23 kom leiar med innspel til mandatet, mellom anna at omsorgstrappa og det høge sjukefråværet i heimetenesta burde undersøkjast nærare. I innspel frå KU-leiar i sak 29/22 blir det vist til et sjukefråvær for heimetenesta.

